

Referat frå styremøte i TSG på Bygdesentralen måndag 31.3.14

Dei som møtte: Jon Aslak Austjore, Ellen Landsverk, Turid O Mæland, Ann Kristin Teksle og sekr. Torhild F Sisjord

Forfall: Gunnar Haugo og Sigmund Strand

Sak 1 /2014 Innkalling og sakliste godkjent utan merknader

Sak 2 /2014 Referatsaker:

- Arbeid med å få på plass skadefellingslag i Telemark
Arbeidet er satt i gang. Fyrste møte i arbeidsgruppa, som består av representantar frå Telemark sau og geit, 3 kommunar, Jeger og fisk i Telemark og saueprosjektet. Med på fyrste møte var Øyvind Løken frå FKT-prosjektet.
- Representantskapsmøte
Ordinært møte med godkjenning av rekneskap og budsjett.
Endring av kontigentsatsane.
Presentasjon av nytt system for medlemsregister.
Orientering frå gjetarhundrådet v/Arne Loftsgarden
Rovvilt.
- Møte i region for saueavl.
Årsmøtesaker
NKS: Svarte flekkar og dårlege bein skal inn til semin.
Spæl: Ikkje granskingsstilskot, men tilskot til raselag.
Fokus på ein haldbar sau
- Status tur til Sveits.
35 påmeldte. Turen gjeng etter oppsett plan. Prøvar å få til felles transport.
- Sluttstatus for "fotråte-prosjektet i Telemark"
Ikkje påvist vondarta fotråte i Telemark. Bør bevare denne statusen med å være restriktive i forhold til innførsel av værere til Telemark.
- Innspel i forhold til prioritering av KFT- midlar.
Tilbod om bistand.

Sak 3 /2014 Konstituering av styret og fordeling av arbeid i styret og mellom styret/sekretær.

Leiar: Jon Aslak Austjore
Nestleiar: Gunnar Haugo
Kasserar: Ellen Landsverk
Styremedlemmer: Turid O Mæland og Sigmund Strand

Fordeling av ansvarsområde:

- Saueprosjekt og Saueavl: Jon Aslak Austjore
- Web-ansvarleg: Turid O Mæland
- Gjetarhundkontakt: Ann Kristin Teksle
- Kursansvarleg: Turid O Mæland
- Geitekontakt og Kje-prosjekt: Gunnar Haugo
- Hovudansvarleg for aktivitetane på Dyrskun: Ann Kristin Teksle, Sigmund Strand og Ellen Landsverk
Be om at Flatdal sau og geit tek ansvar for transport av sau for klypping.
Turid har ansvar for å få dette på plass.
- Beitebruk og leiar av Beiteutvalet: Sigmund Strand
- Rovdyr: Jon Aslak Austjore
- Avlsutval, leiar: Jon Aslak Austjore

Råd og Utval

Beiteutval

Leiar: Sigmund Strand
Olav Blikom
Knut Johan Hvistendal

Avlsutval

Leiar: Jon Aslak Austjore
Tor Einar Lid – ring 91
Håvard Jønnardalen – ring 96
Kari Tellefsen – ring 97

- Sak 4 /2014 Samrådsmøte for organisasjonane – rovdyr.
Jon Aslak møtte for TSG. Ann Kristin deltok frå TB.
Krav om at SNO tek ut ulven som sannsynleg vis er på Skafsåheia.
- Sak 5/2014 Høring av Søndre Versvik naturreservat Porsgrunn Kommune.
Tatt til orientering
- Sak 6/2014 Høring utviding av Grytdalen naturreservat i Drangedal Kommune.
Tatt til orientering
- Sak 7/ 2014 Evaluering av årsmøte på Morgedal Hotel
Fagdagen godt mottatt
Godt årsmøte med gode innspel.
- Sak 8/ 2014 Arbeidsplan for 2014 gjennomgått.

Møteplan: 23.06.14 “Grillmøte” kl. 16.00
28.08.14 Styremøte kl. 13.00